

## **Møtereferat: Tilsynsutvalet for Lusaheia og Vormedalsheia 10.04.2013**

Møte var på Kommunehuset i Hjelmeland onsdag 10 april 2013 kl 1930-21.30

Desse møtte: Kjell Tysdal (grunneigarrepresentant Vormedalsheia), Lars Strøm (grunneigarrepresentant Vormedalsheia), Svein Mæland (grunneigarrepresentant Vormedalsheia), Hans Ove Mæland (vararepresentant Vormedalsheia), Lars Våge (grunneigarrepresentant Lusaheia), Per Bringedal (grunneigarrepresentant Lusaheia), Trond Laugaland (vararepresentant Lusaheia), Trine Danielsen (Hjelmeland kommune, (Torborg Kleppa (Hjelmeland kommune).

Observatører: Leonhard Mikalsen, (SNO), Reidar Sandal (SNO), Alf Odden (SVR).

Som ansvarleg for møteinnkallinga ønska Alf Odden velkommen til møte. Han informerte om at varamedlemma og var kalla inn til dette møtet, for å for å famne får breitt som råd, når ein viktig sak som samanslåing av tilsynsutvala skulle drøftast.

Det vart og halden ein kort presentasjonsrunde.

### 1. Val av møteleiar

I tråd med etablert praksis på møta i tilsynsutvala, vart ordførar Trine Danielsen sett til å leie møte

### 2. Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent. Kjell Tysdal gjorde merksam på at han hadde tre saker han ville ha drøfta på møte. Desse vart plassert under sak 7 Saker frå medlemma.

### 3. Samanslåing av Tilsynsutvalet for Vormedalsheia og Tilsynsutvalet for Lusaheia til eit felles utval, Tilsynsutval for Vormedalsheia og Lusaheia

Det vart inga stor debatt om denne saka. Alf Odden grunngav framlegget om eit felles tilsynsutval, med at ein ville unngå ein del dobbeltmøteverksemd, og at det i stor grad ville bli dei same sakane som ville bli drøfta i dei to tilsynsutvala. Per Bringedal tala for ei samanslåing og meinte dei fleste utfordringane var felles og at ein ville stå sterkare saman. Kjell Tysdal såg det og som ein fordel at grunneigarrepresentantane ville være i fleirtal i eit felles utval. Hans Ove Mæland ønska at sakane frå Vormedalsheia og Lusaheia skulle skiljast i to ulike bolkar på saklista. Alf Odden lova at dette skulle bli følgt opp.

Etter drøftinga konkluderte møteleiaren med at framlegget om samanslåing av dei to tilsynsutvala var vedtatt. Eit felles tilsynsutval vil ha denne samansettinga:

3 grunneigarrepresentantar frå Vormedalsheia

3 grunneigarrepresentantar frå Lusaheia

4 representantar frå Hjelmeland kommune

1 representant for organisasjonar i områda (for tida Stavanger turistforening)

Statens Naturoppsyn og verneområdeforvaltninga (SVR) har faste observatører på møta.

Verneområdeforvaltninga er ansvarleg for sekretærfunksjonen

#### 4. Konstituering av tilsynsutvalet

Etter framlegg frå Hans Ove Mæland vart ein samd om at ein, for resten av denne kommunestyreperioden, skulle halde seg til den etablerte ordninga med at ordføraren og var leiar i tilsynsutvalet. Trine Danielsen vart dermed utpeika som leiar for tilsynsutvalet for resten av denne kommunestyreperioden. Ein vart og samde om at det burde utpeikast ein nestleiar i tilfellet leiar ikkje kunne møte. Trine Danielsen spurde om nokon av grunneigarrepresentantane kunne tenkje seg dette vervet. Når det ikkje var det, vart Torborg Kleppa utpeika som nestleiar for tilsynsutvalet.

#### 5. Endring av namn frå tilsynsutval til kontaktutval

I saksutgreiinga hadde Alf Odden føreslege å endre namn frå tilsynsutval til kontaktutval slik det vart gjort i Suldal tidlegare i år. Kjell Tysdal foreslo i staden verneråd etter mønster frå Stavanger turistforening. Dei fleste medlemma tok ordet under drøftinga, og gav uttrykk for at nemnevalet ikkje var nokon veldig viktig sak, men det var ingen som tala for nokon av dei nye forslaga. Trine Danielsen foreslo derfor at ein skulle behalde dagens namn. Kjell Tysdal og Alf Odden trekte sine forslag og namnet tilsynsutval blir ståande. Det fulle namnet på tilsynsutvalet blir heretter: Tilsynsutvalet for Lusaheio og Vormedalsheia landskapsvernområde.

#### 6. Søknad om dispensasjon til bygging av landbruksveg frå Funningsland til Kaldavatnet

Alf Odden orienterte kort om den innkomne dispensasjonssøknaden og den vidare saksgangen, og bad tilsynsutvalet om råd i handsaminga av saken. Kjell Tysdal, Lars Strøm, Svein Mæland, Hans Ove Mæland og Per Bringedal rådde alle til at det burde gjevast dispensasjon. Dei framheva alle at denne type små prosjekt var viktige tilskott til driftsgrunnlaget for bruka i område, og var med på å styrke busettinga. Dei meinte og at denne typen landbruksveg ville medføre små inngrep og at den i liten grad ville bli synlig frå turiststien som går nede i dalen. Leonhard Mikalsen stilte spørsmål ved dei stipulerte kostnadane for å bygge vegen og ved volumet av skog som kunne takast ut. Han meinte at desse punkta måtte vurderast nøye ved ei synfaring. Torborg Kleppa meinte dette var eit viktig punkt ettersom slike vegar måtte være rekningsvarande før det kunne gjevast dispensasjon.

Alf Odden spurte om tilsynsutvalet ville være representert ved synfaringa som vil bli gjennomført når snøen er borte. Hans Ove Mæland forklarte at dei tre grunneigarrepresentantane for Vormedalsheia representerte tre ulike delar av verneområde, og at Lars Strøm var representanten frå Funningland område. Lars Strøm sa seg villig til å delta på synfaringa, samt å være tilsynsutvalet sitt kontaktpunkt mot verneområdeforvaltninga i denne saken.

Ettersom det ikkje er gjennomført ei synfaring ennå, og dispensasjonssøknaden skal handsamast i verneområdestyret 18 juni, rekk ikkje tilsynsutvalet å komme med ein vanleg uttale til saka. Ein vart derfor samde om at drøftinga på møte skulle utgjere tilsynsutvalet sin uttale til dispensasjonssøknaden.

Drøftinga kan samanfattast på denne måten: Tilsynsutvalet tilrår at det blir gjeve dispensasjon til bygging av landbruksveg mellom Funningsland og Kaldavatnet. Sjølv mindere uttak av skog kan være med på å styrke driftsgrunnlaget til bruket og være med på å sikre busettinga. Inngrepa knytt til den omsøkte vegen vil bli små og vil ligge godt skjult i terrenget.

Alf Odden spurte om medlemma i tilsynsutvalet kjente til andre stader kor det kunne være aktuelt med landbruksvegar for å kunne ta ut skog. Svein Meland opplyste om at det kan bli aktuelt å søke om dispensasjon og å gjere terrenntilpassingar på ein mindre lokalitet på nordsida av Funningslandvatnet. Ein kjem til skogen over isen på vatnet, men tilkomsten ville bli mykje betre med hjelp av små inngrep.

#### 7. Sakar frå medlemma av Tilsynsutvalet

Kjell Tysdal hadde tre saker han ønska å ta opp i tilsynsutvalet. Desse var:

Møtegodtgjersle til medlemma i tilsynsutvalet

Økonomi og budsjett for tilsynsutvalet

Endra konsesjonsvilkår i Tysse elva

Alf Odden kunne fortelje at grunneigarrepresentantane ville få utbetalt møte- og kjøregodtgjersle. Han kunne og fortelje at det var sett av kr 30-40.000,- til drift av tilsynsutvalet.

#### Endra konsesjonsvilkår i Tysse elva

Kjell Tysdal orienterte om tilhøva i Tysse elva. Elva ligg i verneområde og er lakseførande. Det er ikkje minstevassføring i vassdraget, men ei viss vassføring frå restfeltet. I samband med ein lukereperasjon i 2010 auka vassføringa, og laksen tok i bruk dei gamle gyteplassane. Når reperasjonane var slutført og vassføringa gjekk ned vart gyteplassane liggande på tørt land.

Trysdal ønska at tilsynsutvalet og verneområdeforvaltninga skulle engasjere seg i Tysseelva. Konsesjonsvilkåra skal snart opp til revisjon og det var viktig å være godt førebutt til når saka kjem opp.

Alf Odden lova å undersøke når konsesjonen skal opp til ny vurdering, og skal legge saka fram for tilsynsutvalet på neste møte.

#### 8. Informasjon frå SVR om aktuelle saker i verneområda

Alf Odden orienterte kort om sakane som har vorte handsama i Lusaheia og Vormedalsheia så langt i 2013.

Det er gjeve fire motorferdsle løyver i Lusaheia (Tårn Sigve Schmidt, Dagfinn Skår, Johan Skår, Norsk Folkehjelp) som hovudsakleg gjeld kjøring i Storådalen.

Det er gjeve to løyver i Lusaheia til oppsetting av permanente bruer langs turistløypene. Dette gjeld Knutsåna ved Nilsebu og Kvitlå ved Vassrauv.

Det er løyva midlar til seks skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i dei to verneområda:

Kr 50.000,- til fortsatt rydding av vegetasjon ved Øyastølsmyra. Grunneigar/SNO

Kr 50.000,- til rydding av ferdsleveg i Førre. Kleppa Beitelag/SNO

Kr 40.000,- til rydding av vegetasjon ved Ottestøl. Mæland Sameige/SNO

Kr 40.000,- til fjerning av kraftlinje ved Funningsland. Grunneigar/SNO

Kr 20.000,- til bru over Knutsånå. Stavanger turistforening

Kr 40.000,- til ungdomstur. Fjellstyra i Hjelmelend, Suldal og Bykle/SNO

Reidar Sandal orienterte om SNO si rolle i desse prosjekta og varsla at han snart ville ta kontakt for å drøfte den vidare framdrifta i prosjekta.

Sandal orienterte og om GPS merkeprosjektet for villrein.

Det var eit ønskje frå tilsynsutvalet om at orientering frå SNO om aktuelle saker skulle vere ein fast post på sakslista i kommande møte.

#### 9. Neste møte

Neste møte i tilsynsutvalet blir tysdag 12 november. Nærare opplysningar om tid og stad kjem med møteinnkallinga.

Suldal, 11.04.2013

Alf Odden, Referent